

Voss Musikkråd
Postboks 417
5702 Voss

ÅRSMELDING 2009

Voss Musikkråd

Årsmøtet 2008 vart avvikla som vanleg i Velferdssentralen, Sosialbygget den 27. november. Det var igjen eit lågt frammøte med 2 representantar frå medlemslaga i tillegg til styret. I år hadde vi ikkje underhaldning då koret Maj 7 var hindra frå å møta.

Møtet vart opna av leiaren i VMR som ynskte alle hjarteleg velkomne. Han vart vald til møteleiar og Grete Søvik vart vald til referent. Det var ingen merknad til innkallinga eller saklista. Det var heller ikkje kome inn nokon saker til handsaming av årsmøtet.

Årsmeldinga vart så delt ut og leiaren gjekk gjennom ho. Dei frammøtte fekk så høve til å stilla spørsmål eller kommentere sakene som styret hadde handsama i 2008. Deretter vart rekneskapen lagt fram og gjennomgått av kasserar. Møtedeltakarane fekk høve til å stilla spørsmål til rekneskapen og sjølv om vi hadde eit lite underskot så var ein nøgd med at gjelda gjekk stendig nedover. Elles var det få kommentarar og rekneskapen vart såleis godkjent.

Valnemnda la så fram sitt forslag til det nye styret som i dette arbeidsåret har vore samansett slik:

Leiar: Brynjulv Norheim
Nestleiar: Snialvur Joanesarson
Kasserar: Kjartan Ringheim
Sekretær: Grete Søvik
Styremedlem: Aslak Himle

Varamedlemmer: Brynjulv Prestegard
Knut Brunvoll
Terje Støve

Revisorar: Jostein Bøyum
Kirsten Takvam

Valnemnd: Per Arne Larsen
Tone Handegård
Ein repr. Frå Evanger musikklag

Kontaktperson vedr. Friluftscenen: Kjartan Ringheim

Styret.

Styret har i dette arbeidsåret hatt 6 ordinære møte og handsama 34 saker. Møtelokalet har vore i Denjabygget v/meieriet, men for nokre dagar sidan fekk me melding om at me var kasta ut derifrå. Sakene våre er lagt i øskjer utafør døra til møterommet og dessutan har me nokre oppbevaringsskåp som me disponerer der. Kommunen er informert om saka og kulturkontoret vil finne ut kva som har skjedd og prøve å skaffa oss eit nytt møtelokale fram til det nye kulturhuset er ferdig neste haust.

Leiaren er fast medlem av Kontaktorganet for distriktsmusikarane og leiar i Samarbeidsutvalet for Voss kulturskule. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscenen. Styret har ingen ungdomsrepresentant lenger og er vorte oppmoda om å skaffe ein representant til det lokale ungdomsrådet.

Saker og aktivitetar i 2009

Dette arbeidsåret har vore stabilt og utan noko større konsertarrangement eller større skadar på Friluftscenen. Vi hadde rettnok besøk av eit amerikansk kor, Grand Rapids Choir, der vi var medarrangør saman med Voss kommune 17.mai. Dei var med i folketoget, song på idrettsplassen og om kvelden var dei med på ei tilstelling i ungdomshallen.

På årsmøtet 2008 vart det reist eit spørsmål om å få til ei ordning med ein kulturkalendar for Voss der alle arrangørar av konsertar og ulike kulturarrangement kunne til eikvar tid gå inn og be om å få lagt inn sitt arrangement. Dette har vore eit sakn på Voss og ofte har vi hatt kollisjonar av t.d. konsertar som har vore svært uheldig for arrangørane. Styret har gått vidare med denne saka og teke ho opp med kommuneadministrasjonen. Dei sa at dei hadde arbeid med saka ei stund, men av omsyn til sikkerheit og vern av sine databasar, hadde dei ikkje fått det til. No har det likevel omsider kome ei løysing på problemet. Destinasjon Voss og Voss kommune v/turistinformasjonen har inngått eit samarbeid slik at no kan alle arrangørar ta kontakt med eitt av desse to organa og få inn sine arrangement til eit høveleg tidspunkt. For å koma inn på kalenderen, er dei nøydde til å sjekka ut truverdet til kvar søkjar. Så får vi håpa dette gir eit tilfredstillande resultat.

Når det gjeld oppdatering av lista over medlemslaga sine styre og adresser osv., så er vi ikkje særleg imponerte over responsen. Vi vil såleis oppmode alle medlemslaga til å sende oss namn og adresse, mob.nr eller epost-adresse for å få namnelistene à jour.

Det kommunale kulturtilskotet har ikkje vore endra på mange år og vi har sagt ifrå fleire gonger til kommunen at det lyt aukast. Det ligg på 100.000,- og skal fordelast på 25 lag ideelt sett. No viser det seg at vi hadde berre 8 søkjarar i år og, så på den måten vart det ikkje så verst likevel. På den andre sida kan dette vere uheldig med tanke på ein auke av tilskotet. Så her bør laga passe på søknadsfristen den 1. mai kvart år. Tilskotet til spelning på 1.- 8.-17.mai gjekk greitt frå vår side, men på grunn av eit tregt kommunalt byråkrati, kom tilskotet seint ut til laga i år, diverre.

Tidlegare i haust fekk me ein førespurnad frå Kulturskulen om vi kunne gå med på å flytta flygelet i kinosalen, som vi eig saman med kommunen, over i det nye kulturhuset når det vert ferdig. Styret drøfta saka og kom til at det var greitt at flygelet vart overført til den nye salen i kulturhuset i staden for at det vert ståande i gamlekinoen under den komande ombygginga der. Men vi presiserte at når ombygginga var ferdig, så skulle flygelet tilbake.

Friluftscenen.

Styret fann det nødvendig å skifte ut nøklane til friluftscenen. Fleire nøklar var komne på vidvanke og vi hadde ikkje full kontroll lenger.

Elles hadde me eit stort strev med å ta vekk tagginga. Me fekk tak i ei vêske som tok det meste, men det sette merke i veggen, så vi måtte beisa veggene att. Dette vart gjort før alle tilstellingane i sommar, så scenen har vore brukbar til å visast fram. Fugleskit er framleis eit problem, men elles har det ikkje vore så mykje anna skit i det siste. Likevel må me gå over scenegolvvet kvar vår for å skeina han opp.

Utleige av Friluftscenen har jamt over vore bra i år og har gitt oss nødvendige inntekter. Men vi skulle gjerne sett at fleire av medlemslaga nyttar han.

24.11.2009

bn.